

<b>Kva:</b>	Protokoll til møte nr. 02 i Langrennskomiteen, 2023-2025
<b>Tidspunkt:</b>	Måndag 28. august kl. 18:00
<b>Stad:</b>	Thon Hotell Skei
<b>Sakliste:</b>	<i>REFERATSAKER</i> <i>SAK 09 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 10 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 01 23-25 i langrennskomiteen</i>  <i>RAPPORTERINGSSAKER</i> <i>SAK 11 23-25 Rekneskapsrapport pr. 16.08.2023</i>  <i>DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 12 23-25 Breiddesamlingar 2023</i> <i>SAK 13 23-25 Krinslaga i langrenn 2023-2024</i> <i>SAK 14 23-25 Haustmøtet 2023</i> <i>SAK 15 23-25 Handlingsplanen 2023-2025</i>  <i>EVENTUELT</i>
<b>Til stades:</b>	Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Eline Orheim, Reidun Smørdal Hjelle, Torstein Bolstad Blikra (deltok digitalt), Kennet Dvergedal (adm)
<b>Forfall:</b>	
<b>Referent:</b>	Kennet Dvergedal

## REFERATSAKER

### SAK 09 23-25

#### Godkjenning av innkalling og sakliste

##### Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

##### VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

### SAK 10 23-25

#### Godkjenning av protokoll nr. 01 23-25 i langrennskomiteen

##### Bakgrunn

Protokoll nr. 01 23-25 frå langrennskomiteen er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen ligg også vedlagt.

##### VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 02 23-25.



## RAPPORTERINGSSAKER

### SAK 11 23-25

#### Rekneskapsrapport pr. 16.08.2023

##### Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 16.08.2023 er lagt ved som eige vedlegg. Adm. la fram rapporten. Rapporten viser også prognose for rekneskapsen til LK i slutten av året.

Nøkkeltal:

*Driftsinntekter LK:*                      *kr. 1 054 288,-*

*Driftskostnader LK:*                      *kr. -1 035 625*

*Resultat:*                                      *kr. 18 663*

*Eigenkapital LK pr. 31.12.2022:*      *kr. 540 538*

##### VEDTAK

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering. Vidare ber langrennskomiteen administrasjonen om å leggje fram budsjett for 2024 i neste komitémøte.

## DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

### SAK 12 23-25

#### Breiddesamlingar 2023

##### Bakgrunn

Ein legg opp til følgjande breiddesamlingar hausten 2023:

- Miljøsamling Ullsheim, 8.-10. september 2023
- Miljøsamling Langeland, 16. september 2023
- Enivest skiskule Førde, 6.-8. oktober 2023
- Jentesamling Ullsheim, dato ikkje avklara

Sogn og Fjordane Skikrins er samarbeidspart i alle tiltaka.

##### VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

### SAK 13 23-25

#### Krinslaga i langrenn 2023-2024

##### Bakgrunn

Krinslaga i langrenn 2023-2024 består av totalt 24 utøvarar. Senior løparar er ikkje inkludert i krinslaga denne sesongen.

21 utøvarar er knytt til det ordinære krinslaget, der 2 løparar har «vinterpakke».

Impulslaget (f. 2008) består av 3 utøvarar.



## Trenarar 2023-2024

Hovudtrenar: Simen Bækken og Roger Pollen

## Krinslagskontingent 2023-2024

- Impulslag (2008): Kr. 4000,-
- Junior (2004-2007): Kr. 13 000,-

Vidare blir krinslagskontingent bestemt etter trappemodell:

Junior	1-5 utøvarar	6-10 utøvarar	11-15 utøvarar
Kontingent	Kr. 13 000	Kr. 10 500	Kr. 9 500

For utøvarar som ikkje ynskjer å delta på samlingsopplegget, men som har planar om å delta på nasjonale arrangement kommande vinter kan ein ta del i skikrinsen sitt fellesopplegg vinterstid ved å «kjøpe» ein «vinterpakke»:

- «vinterpakke» junior/senior, kr. 6 500,- (inkl. krinslagsklede)

Ved å gjere seg nytte av denne «pakken» vil ein få eit tilrettelagt opplegg ifbm. nasjonale renn og meisterskap knytt til smøring av ski og logistikk.

## Samlingsplan 2023-2024

Fokus	Stad	Dato	Jr.	Im.
Ski	Sognefjellet/Skjolden	25.-29. mai	X	
Barmark	Førde (Sandane)	29. juni-2. juli	X	X
Barmark	Markane	10.-13. august	X	
Barmark	Sogndal	31. aug.-3. sept.	X	X
Barmark	Hemsedal	21.-24. september	X	
Barmark	Sandane + rulleskirenn Førde	12.-15. oktober	X	
Ski	Beitostølen	23.-26. november	X	X
Ski	Sogndal	15.-17. desember	X	X

Samlinga i Markane vert gjennomført saman med Møre og Romsdal Skikrets.

## VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

## SAK 14 23-25

### Sakliste Haustmøtet, 21. oktober 2023

#### Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2023 skal avviklast 21. oktober på Hotel Alexandra i Loen.



Rammeprogram:

Kl. 12.00-13.00:	Frammøte og lunsj
Kl. 13.00-13.45:	Fellesdel
Kl. 14.00-17.00:	Greinvisе fagmøter

Tidlegare har langrennskomiteen delt saklista i informasjonssaker som blir sendt ut på førehand og diskusjonssaker som vert prioritert tidsmessig på haustmøtet. På langrennskomiteen sitt haustmøte 2022 hadde ein følgjande sakliste:

Informasjonssaker:

- Nasjonale renn 2022-2023
- Krinslaget 2022-2023
- Breiddesamlingar 2022-2023
- Orientering frå Haustmøtet NSF langrenn
- Team Elon Vest
- Økonomi/ marknad

Diskusjonssaker:

- Terminlista 2022-2023
- Gode arrangement

**VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om å ta saka opp igjen på neste komitémøte. Komiteen jobbar med følgjande saker til neste møte: terminliste 2023-2024, opplegg til nasjonale renn, og trenarkurs.

**SAK 15 23-25**

**Handlingsplan 2023-2025**

**Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan for 2023-2025 vart vedteken i samband med Skikrinetinget 2023.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta langrennskomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen ligg som eige vedlegg.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og gjer vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta tidsfristar og arbeidsfordeling.



**Neste møte i Langrennskomiteen: Måndag 2. oktober kl. 19.00-21.00 (Digitalt)**

## **EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)  
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef